



Egil Magnar Eidsnes  
Eidsnesvegen 107 B  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2045 - 18/23823

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

08.08.2018

## Trong for tilleggsopplysning for søknad om arealoverføring - gbnr 215/2 og 215/18 Eidsnes ytre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon i frå planføremålet LNF. Arealet som er søkt overført er i kommuneplanens arealdel sett av til LNF-føremål med hovudfokus på landbruk. Det går fram av søknad at arealet skal overførast til bustadeigedom og er difor ikkje i samsvar med LNF-føremålet. Vi gjer merksem på at søknad om dispensasjon er ei skriftleg søknad der det skal gå fram kva ein søkjar dispensasjon i frå (LNF-føremålet) og at søknad om dispensasjon må vere grunngjeve. Vidare gjer vi også merksem på at søknad om dispensasjon må nabovarslast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **05.09.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Egil Magnar Eidsnes

Eidsnesvegen 107 5913  
B

EIKANGERVÅG